



SPELALPEDAGOGISK HJELP OG SPELALUNDERVISNING

STRATEGI SULDAL KOMMUNE 2017



INNHALD

1. Innleiing.....	2
2. Definisjon av omgrep.....	2
2.1. Spesialpedagogisk hjelp i barnehagen	2
2.2. Spesialundervisning i skulen	2
2.3. Tilpassa opplæring og tidleg innsats	3
3. Utarbeiding og evaluering	3
4. Overordna perspektiv	3
4.1. Samspelsperspektiv	3
4.2. Statlege føringar	3
4.3. Kommuneplan Suldal 2015 – 2026	4
5. Mål i denne strategien	4
6. Kvalitet i den ordinære opplæringa.....	4
6.1. Barnehage	4
6.2. Skule.....	5
7. Strategiar	5
7.1. Tidleg innsats.....	5
7.2. Inkludering	6
7.3. Gruppe- og klasseleing.....	6
7.4. Gode relasjonar	7
7.5. Systematisk observasjon.....	7
7.6. Kompetanse.....	7
7.7. Samarbeid omkring barnet/eleven.....	8
7.8. Innhaldet i den spesialpedagogiske opplæringa.....	8
8. Litteratur.....	9
9. Vedlegg.....	10

1. INNLEIING

Ein stor del av ressursane som blir brukt i barnehage og skule er bunde opp til spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. I Suldal har det sidan 2006 vore ein auke i elevar som får spesialundervisning i skulen frå 5% til 10%, og auke i andel timar til spesialundervisning i skulen frå 12% til 24%. Det er ein stor utfordring å ha mange barn/elevar med einskildvedtak, då det bind opp ein stor del av ressursane. Det var på denne bakgrunnen at Haugalandsløftet blei starta. Alle barn skal få den hjelpa dei treng, men ein ønskjer at fleire barn og elevar skal få den hjelpa dei treng innanfor det ordinære opplegget.

I barnehagen betyr det at **barn skal få spesialpedagogisk hjelp mest muleg i fellesskapen og gruppa**, og i skulen betyr det at **fleire elevar skal få nødvendig tilrettelegging innan klassen og dermed unngå vedtak, og at fleire av dei som har vedtak om spesialundervisning skal få det i klassen**.

2. DEFINISJON AV OMGREP

2.1. Spesialpedagogisk hjelp i barnehagen

Spesialpedagogisk hjelp er eit omgrep som blir brukt i barnehage, for barn med vedtak om slik hjelp slik som omgrepet er brukt i Barnehagelova, kap. V (§19a-h). Det er ein individuell rett for dei som har særlege behov.

§ 19a Rett til spesialpedagogisk hjelp

Barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp dersom de har særlege behov for det. Dette gjelder uavhengig av om de går i barnehage.

Formålet med spesialpedagogisk hjelp er å gi barn tidlig hjelp og støtte i utvikling og læring av for eksempel språklige og sosiale ferdigheter.

Spesialpedagogisk hjelp kan gis til barnet individuelt eller i gruppe. Hjelpen skal omfatte tilbud om foreldrerådgivning.

2.2. Spesialundervisning i skulen

Omgrepet spesialundervisning blir brukt i grunnskule og vaksenopplæring, for elevar med vedtak om slik hjelp, slik som omgrepet er brukt i Opplæringslova (§4a-2 for vaksne, og kap. 5 for grunnskule). Det er ein individuell rett for dei som har behov for ekstra tilrettelegging ut over det ordinære tilbodet.

§5-1 Rett til spesialundervisning

Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning.

I vurderinga av kva for opplæringstilbod som skal givast, skal det særleg leggjast vekt på utviklingsutsiktene til eleven. Opplæringstilbodet skal ha eit slikt innhald at det samla tilbodet kan gi eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til andre elevar og i forhold til dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven. Elevar som får spesialundervisning, skal ha det same totale undervisningstimetallet som gjeld andre elevar, jf. § 2-2 og § 3-2.

2.3. Tilpassa opplæring og tidleg innsats

Omgrepet er omtalt i Opplæringslova §1-3 (grunnskulen) og §4a-12 (vaksne): Tilpassa opplæring og tidleg innsats

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lære kandidat.

På 1. til 4. årstrinn skal kommunen sørge for at den tilpassa opplæringa i norsk eller samisk og matematikk mellom anna inneber særleg høg lærartettleik, og er særleg retta mot elevar med svak dugleik i lesing og rekning.

Tilpassa opplæring gjeld for alle elevar. Tilpassa opplæring er et verkemiddel for at alle skal oppleve auka læringsutbytte. Det er ingen individuell rett, men skal skje gjennom variasjon og tilpassingar til mangfaldet i elevgruppa innanfor fellesskapet. Tilpassa opplæring skal ivareta prinsippet om inkludering. Tilpassa opplæring er dei tiltaka som skulen set inn for å sikre at alle elevane får best mulig utbytte av den ordinære opplæringa. Det kan handle om organisering av opplæringa, pedagogiske metodar, arbeid med læringsmiljø, læreplanar og vurdering.

Sjå <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/tilpasset-opplaring/> for meir informasjon.

Tidleg innsats er både innsats tidleg i eit barn sitt liv, og å gripe inn tidleg når problem oppstår eller blir avdekka. Tidleg innsats er særleg viktig i barnehagen og for dei minste i skulen for å førebyggje seinare utfordringar. Tidleg innsats er ein hovudstrategi i Meld. st. 18 (2010-11) Læring og fellesskap.

3. UTARBEIDING OG EVALUERING

Strategien er utarbeidd av den kommunale gruppa for Haugalandsløftet. Strategien har vore på høyring i barnehagane, skulane, PPT, helse og barnevern.

Strategien skal evaluerast og eventuelt justerast annankvart år.

4. OVERORDNA PERSPEKTIV

4.1. Samspelsperspektiv

Til grunn for tenkinga i strategien ligg eit *samspelsperspektiv*. Det vil seia at utfordringar må sjåast i lys av miljøet barnet og eleven er ein del av. Er det utfordringar i høve atferd, så må ein forstå kva atferden er eit uttrykk for ved å sjå «bak» det som skjer. (Nordahl m.fl. 2005, Overland 2006, Drugli 2013).

4.2. Statlege føringar

Likeverd, inkludering og tilpassing av opplæringa er grunnleggjande verdiar både i barnehage og skule i Norge (Kunnskapsdepartementet 2009a og Kunnskapsdepartementet 2009b).

Inkluderande opplæring inneber at alle tek del i fellesskapen på ein likeverdig måte, fagleg, sosialt og kulturelt. Inkludering er både ein prosess og eit mål. Dette krev tilrettelegging for mangfaldet. Det er systemet som må tilpasse seg den einskilde person og gruppe.

4.3. Kommuneplan Suldal 2015 – 2026

Mål for område «Kunnskapssamfunnet» i Suldal er «*Alle barn og unge i Suldal opplever læring og meistring i eit inkluderande og trygt miljø kvar dag*».

Hovudstrategiar er mellom anna inkludering, førebygging og tidleg innsats, koordinering og samarbeid.

Satsingsområde for barnehagane i åra framover er sosial kompetanse.

På folkehelseområdet skal ein bidra til å sikre trygge overgangar.

5. MÅL I DENNE STRATEGIEN

I denne strategien er det sett opp desse måla som skal gjelde for Suldal:

- *Spesialpedagogisk hjelp i barnehagen skjer mest muleg ved å jobbe inn mot fellesskapen og gruppa*
- *Behovet for spesialundervisning med einskildvedtak i skulen er redusert gjennom betre tilrettelegging i den ordinære opplæringa*
- *Mest muleg av spesialundervisninga i skulen skjer i klassen*
- *Kvar barnehage og skule har kompetanse i å leggje til rette for utvikling og læring for dei barna som har særskilte utfordringar*
- *Begynnande og etablert mobbeatferd og andre psykososiale vanskar i barnehage og skule blir avdekka og tiltak sett i verk*
- *Det er etablert gode rutinar for alle overgangar*

Strategiar for å nå desse måla skal vere:

- Tidleg innsats
- Inkludering
- Gruppe- og klasseleing
- Systematisk observasjon
- Kompetanse
- Samarbeid
- Innhaldet i individuelle opplæringsplanar

6. KVALITET I DEN ORDINÆRE OPPLÆRINGA

6.1. Barnehage

Sentrale element for kvalitet i barnehagen er personale, barnehagens innhald, eit inkluderande barnehagetilbod for alle barn, samarbeid mellom barnehage og heim og barnehage og skule, og koordinert innsats for barn som har behov for særleg oppfølging (Kunnskapsdepartementet 2009a og 2016).

I Suldal ønskjer me å ha desse måleparametrane for kvalitet:

- Andel tilsette/styrarar/pedagogiske leiarar med barnehagelærarutdanning
- Antall barn pr årsverk

- Andel barn med spesialpedagogisk hjelp

Me ønskjer i tillegg at kvalitet skal dreie seg om

- barnehagen sin oppfølging av rammeplanen
- implementering av satsingsområde (til dømes vaksenrolla, arbeid med relasjonar)
- særskilt opplegg for dei yngste barna
- særskilt opplegg for 5-åringane og overgangen til skulen
- særskilt opplegg for språkstimulering

Suldal har eit eige kvalitetssystem for barnehagane i kommunen. Systemet er utarbeidd august 2014. I årshjulet blir det skildra kva det skal rapporterast på.

Alle barnehagane i Suldal lagar kvalitetshandbok.

6.2. Skule

St.meld. 31 Kvalitet i skulen (Kunnskapsdepartementet 2008) set opp tre mål for kvalitet:

1. Alle elevar som går ut av grunnskulen skal meistre grunnleggjande dugleikar som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og arbeidsliv.
2. Alle elevar som er i stand til det skal gjennomføre vidaregåande opplæring med kompetansebevis som anerkjennes for vidare studium eller i arbeidslivet.
3. Alle elevar skal inkluderast og oppleve meistring.

Suldal utarbeidde i 2011 eit kvalitetsvurderingssystem for grunnskulen (jf. Oppl.lov §13-10).

I Suldal ønskjer me at kvalitet i grunnskulen skal ha fokus på:

- Gjennomføring av læreplanen
- Implementering av felles satsingar

Det blir kvart år utarbeidd tilstandsrapport (j.f. Opplæringslova § 13-10).

Måleparametrar for kvalitet skal m.a. vere:

- Grunnskulepoeng
- Nasjonale prøvar
- Kartleggingsprøvar i lesing og rekning
- Elevundersøkinga
- Andel elevar og timar med spesialundervisning
- Fagutdanna lærarar

7. STRATEGIAR

7.1. Tidleg innsats

Det er betre å byggje opp eit barn enn å reparere vaksne. Jo tidlegare ein set inn tiltak, jo større verknad vil det få.

Konkret betyr tidleg innsats i barnehagen at kvar barnehage må jobbe med systemarbeid i høve sosial kompetanse, språk og psykososialt miljø (inklusive mobbing) blant barna. Dette bør skje i tett samarbeid med PPT.

Det inneber også fokus på struktur, planar og oversikt, slik at ressursar blir godt utnyttat. I Suldal vil ein arbeide for å auke andel barnehageansatte med utdanning.

Det er viktig å fange opp problem tidleg. Kartlegging må bli utført etter vedtatt plan, og resultatane må analyserast og brukast.

Barnehagane skal bruke eigne verkty: «Alle med» (språk og sosial kompetanse), og eventuelt «Tras» (språk) for dei som ein treng å undersøkje nærmare.

Det skal vere gode rutinar for overgangane: barnehage-skule, barnetrinn-mellomtrinn, barneskule-ungdomsskule, ungdomsskule-vidaregåande skule (sjå rettleiarar på udir.no).

Språkutviklinga heng nært saman med utvikling av sosial kompetanse. Det er difor viktig å ha stort fokus på språkutvikling. Biblioteket er ein aktør som kan bidra til dette, i samarbeid med barnehage og skule. Skulane kan legge opp til dysleksivennlige klasserom.

Helsestasjon, PPT og barnevern må også ha fokus på tidleg innsats. Det må vere eit godt samarbeid på tvers av etatane.

Dei elevane i skulen der det blir avdekket «hol» i grunnleggjande dugleikar, skal få høve til å delta på intensive kortvarige kurs i t.d. lesing eller rekning. Skulen må sette inn tiltak for elevar som treng det så tidleg som muleg, **utan at eleven har vedtak om spesialundervisning.**

7.2. Inkludering

I Suldal legg ein til grunn ei vid forståing av inkluderings-omgrepet slik Bachmann og Haug definerer det (Bachmann og Haug 2006). Det betyr at inkludering er ein tenkjemåte, ein verdi og ein haldning som skal gjennomsyre heile verksemda.

Inkludering er eit ansvar som kviler på alle, både tilsette i den einskilde barnehage, skule og PPT, einingsleiinga, kommunalsjef og rådmann. Foreldra er svært viktige i arbeidet med inkludering, og dei må få tilbod om rettleiing.

Konkret betyr dette at barn i barnehagen og elevar i skulen alltid så langt det let seg gjere skal ha spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning innanfor fellesskapet i klassen eller gruppa.

Barnehagane arbeider med inkludering gjennom «Være sammen» - opplegget.

Gjennom opplegget «Trivselsleiarane» skal alle elevar vere inkludert i aktivitetar i friminutta.

Ungdomsskulen på Nesflaten og på Sand må samarbeide om ulike aktivitetar, som t.d. skuleball, ungdomsskulefest og liknande, slik at alle ungdomsskuleelevane blir inkludert i fellesskapet.

7.3. Gruppe- og klasseleiing

God struktur over dagen, og god planlegging er viktig i barnehagen. For mange barn er dette avgjerande for å kjenne tryggleik.

God klasseleiing i skulen er særleg viktig for elevar som treng større grad av oversikt og struktur. Det må vere tydeleg oppstart og avslutning av timen, tydelege mål for læringsarbeidet, god struktur og orden, oppsummeringar undervegs og hjelp i overgangssituasjonar. Mange elevar treng større grad av oversikt over det som skal skje.

For barn og elevar der personalet opplever særskilte utfordringar, skal det brukast eigna analyseverktøy for å finne fram til tiltak. I Suldal er det ønskjeleg at barnehagar og skular brukar «Pedagogisk analysemodell» (Nordahl 2012).

7.4. Gode relasjonar

Barnehagane brukar opplegget «Være sammen» for å heve kompetansen på arbeid med relasjonar. Dette må fortsette vidare i åra framover og haldast varmt. Tiltak kan dreie seg om det einskilde barn, men det er like viktig å tenkje barnehagen og skulen som system, og rette tiltak inn mot heile organisasjonen. *Målretta, systematiske og langsiktige tiltak for heile personalgrupper er det som gir best resultat over tid.*

I skulen brukast mellom anna opplegget «Zippys venner» for elevane i småskulen.

7.5. Systematisk observasjon

Observasjon kan skje i dagleg virke i barnehage og skule, der tilsette observerer og merkar seg noko som skjer, og gjerne snakkar saman med andre i personalet om det. Dette kan avdekke utfordringar hos einskilde barn/elevar eller for grupper. Med usystematisk eller tilfeldig observasjon kan det likevel vere mange ting som går dei vaksne hus forbi.

Systematisk observasjon skal brukast for å avdekke begynnande mobbeatferd og andre psykososiale utfordringar både i barnehage og skule (Flack 2010).

I samband med overgangen barnehage – skule, har PPT som rutine å besøkje alle 5-årsgruppene i barnehagane, og observere gruppa for å avdekke eventuelle utfordringar.

7.6. Kompetanse

Den einskilde barnehage eller skule, og vaksenopplæringa, må ha kompetanse i arbeidet med mangfaldet av barn/elevar. Lese- og skrivevanskar, ADHD, autismspektrevanskar, og tilknytingsvanskar er relativt vanleg. Barnehagen og skulen må utdanne eigne tilsette innan desse utfordringane så langt som muleg, og ha kompetanse på kva som er relevante tiltak.

Intern erfarings- og kompetansedeling, hospitering og kollegarettleiing må brukast for å byggje opp kompetanse (jf. kommunen sin strategiske kompetanseplan). PPT har oversikt over alle barnehagane og skulane, og kan fungere som «koplør» mellom dei som har utfordringar og dei som har erfaring med gode tiltak.

Pedagogiske leiarar, kontaktlærarar og sosiallærarar bør ha særskilt kompetanse i å snakke med barn, t.d. motiverande samtale, og kunne bruke strukturerte verktøy som Repulse, Aktøren, Psykologisk førstehjelp el.l.

Dei største einingane bør ha eigne spesialpedagogiske team, der PPT også kan vere med.

Sosiallærar bør også ha særskilt kompetanse i motiverande samtale. PPT har ansvar for å organisere nettverk for sosiallærarane i kommunen.

PPT har kompetanse på ulike vanskeområde, og har som oppgåve å hjelpe barnehage og skule med kompetanse- og organisasjonsutvikling. PPT kan ha rettleiing og opplæring/kurs der det er behov, hente inn folk med ytterlegare kompetanse og stå som arrangør av kurs om det er behov for det.

Oppvekst-teamet for kvar skule, barnehage eller oppvekstsenter i Suldal bidrar også med kompetanse for barnehage og skule. Teamet består av ein frå helsestasjon, ein frå PPT og ein frå barnevern samt styrar eller rektor. I tillegg møtar også leiar på SFO og eventuelt andre tilsette ved behov. Teamet drøftar utfordringar med ein skilde barn/evevar som ikkje allereie er meldt inn til barnevern eller ppt, etter samtykke frå føresette.

Det er også andre instansar med mykje kompetanse som kan nyttast, t.d. helsestasjon med helsesøster og barne- og familierettleiar, barnevern, Suldal bu- og aktivitetstiltak. Helsesøster har eigne kontordagar på skulane.

7.7. Samarbeid omkring barnet/eleven

Barnets stemme:

Barn har rett til å bli få seie meininga si og bli høyrte (Barnekonvensjonen artikkel 12). Barnet/eleven har ofte gode refleksjonar over sin eigen situasjon, og forslag til løysingar når det er utfordringar. Det er sjølv sagt at barnet alltid skal høyrast når utfordringar oppstår.

Alle sitt ansvar: Det er ikkje bare den ein skilde tilsette som har ansvaret for barnet/eleven. Alle i personalet «eig» det ein skilde barnet/eleven.

Teamarbeid: alle må vite kva dei skal gjere og kvifor det er viktig at dei følgjer opp tiltak. Det må setjast av tid til samarbeid rundt det ein skilde barn. For ein skilde barn/evevar som får spesialpedagogiske tiltak, er det viktig å tenkje at mange tiltak ikkje bare skal gjelde i dei timane barnet har fått vedtak, men at barnet som oftast vil ha behov for at heile personalet følgjer opp tiltak og er samkøyrde.

Loggføring: Det bør brukast eit system for å loggføre tiltak frå tidleg fase. BTI (Betre tverrfagleg innsats) stafettloggen er eit slikt system som er vedtatt innført i kommunen.

Samarbeid med foreldre/føresette: Foreldra har hovudansvaret for oppdragelsen (Barnelova § 30), og skulen ansvaret for opplæringa «i samarbeid og forståing med heimen» (Opplæringslova § 1-1). Foreldra er ein likeverdig part i samarbeidet om barnet/eleven, og er dei som kjenner barnet best. Forventningar mellom barnehage/skule og foreldre må komme fram og klargjerast.

Helse, barnevern, PPT m.fl.:

Det kan vere mange aktørar inne når det er krevjande problemstillingar rundt barn/evevar. Etatane må ha kunnskap om og respekt for kvarandre sitt arbeid, og kunne samarbeide. Alle etatane må vite om oppgåvene til Koordinerande eining, bruken av individuell plan og koordinator, slik at ein kan gi informasjon om dette til foreldre.

7.8. Innhaldet i den spesialpedagogiske opplæringa

Det blir brukt mykje ressursar på spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. Innsatsen må spissast inn mot *konkrete og evaluerbare mål*, skildra i Individuell mål og tiltaksplan (barnehage) eller Individuell opplæringsplan (skule), slik at ein kan oppnå gode resultat med dei ressursane som blir brukt.

Alle elevar i skulen skal ha undervegsvurdering, det vil seia løpande evaluering for om eleven har framgang i høve dei konkrete måla som er sett. (Forskrift opplæringslova kap. 3 om elevvurdering)

Skulen skal ha prøvd ut og evaluert tiltak før tilmelding til PPT (Opplæringslova § 5-4). Dette ønsker me også skal gjelde for barnehagen.

Det er rutine i Suldal at PPT skal ha rettleiing i barnehagen/skulen før det blir bedt om sakkunnig vurdering. Når PPT utarbeider sakkunnig vurdering skal det vere dialog med styrar/rektor før den blir ferdigstilt.

Alle partar har ansvar for å halde omfanget av spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning så lågt som muleg og å syte for størst muleg grad av inkludering av barnet/eleven i den ordinære opplæringa.

Styrar og rektor i barnehagen/skulen må sette av nok tid til samarbeid for teamet rundt barnet/eleven. Alle som arbeider med eleven må ha kunnskap om kva mål eleven har og følgje opp det som er bestemt.

Styrar og rektor er ansvarleg for at personalet tileignar seg nødvendig kompetanse. I nokre tilfelle er det av ulike grunnar særst viktig med kontinuitet i tilbodet. Dette er styrar/rektor ansvarleg for. Det kan også vere nødvendig at personale følgjer med over frå barnehage til skule, eller frå barneskule til ungdomsskule.

Barnehagestyrar eller rektor er ansvarleg for gjennomføring av dei spesialpedagogiske tiltaka. PPT kan bidra med rettleiing.

8. LITTERATUR

Bachmann Kari og Haug Peder 2006. Forskning om tilpasset opplæring. Forskningsrapport nr 62. Høgskulen i Volda.

Barnehagelova. Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>

Drugli, May Britt 2013. Atferdsvansker hos barn. Evidensbasert kunnskap og praksis. Cappelen Damm Akademisk.

Flack, Tove 2010. Innblikk. Et sosial-analytisk verktøy for å forebygge og avdekke skjult mobbing. UiS, Humanistisk fakultet, Senter for atferdsforskning.

http://laringsmiljosenteret.uis.no/getfile.php/L%C3%A6ringsmilj%C3%B8senteret/Pdf/Om%20senteret/Innblikk_PDF.pdf

Nordahl Thomas, Sørlie Mari-Anne, Manger Terje, Tveit Arne 2005. Atferdsproblemer blant barn og unge. Teoretiske og praktiske tilnærmingar. Fagbokforlaget.

Nordahl Thomas 2012. Dette vet vi om pedagogisk analyse. Beskrivelse av en pedagogisk analysemodell til bruk i grunnskolen. Gyldendal Akademisk.

Overland, Terje 2007. Skolen og de utfordrende elevene. Om forebygging og reduksjon av problematferd. Fagbokforlaget.

Udir 2016. Rammeplan for barnehagen. <http://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>

Kunnskapsdepartementet 2008. Kvalitet i skolen. St.meld. nr 31 (2007-2008)

Kunnskapsdepartementet 2009a. Kvalitet i barnehagen. St.meld. nr. 41 (2008-2009)

Kunnskapsdepartementet 2009b. Rett til læring. NOU 2009:18

Kunnskapsdepartementet 2011. Læring og fellesskap. Meld. St. 18 (2010-2011)

Kunnskapsdepartementet 2016. *Tid for lek og læring — Bedre innhold i barnehagen*. Meld. St. 19 (2015–2016)

9. VEDLEGG

Utdrag fra lovverk, Rammeplan for barnehagen og Læreplanverket for grunnskule og vidaregåande skule

9.1. Barnehagelova

§ 1. Formål

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

§ 2. Barnehagens innhold

...] Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter.

Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur.

Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.

Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter.

Barnehagen skal ha en helsefremmende og en forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller.

§ 19 a. Rett til spesialpedagogisk hjelp

Barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp dersom de har særlige behov for det. Dette gjelder uavhengig av om de går i barnehage.

Formålet med spesialpedagogisk hjelp er å gi barn tidlig hjelp og støtte i utvikling og læring av for eksempel språklige og sosiale ferdigheter.

Spesialpedagogisk hjelp kan gis til barnet individuelt eller i gruppe. Hjelpen skal omfatte tilbud om foreldrerådgivning.

Kommunen skal oppfylle retten til spesialpedagogisk hjelp for barn bosatt i kommunen.

9.2. Rammeplan for barnehagen

1.1 Barnehagens verdigrunnlag

...]

Barnehagen skal formidle grunnleggende verdier som fellesskap, omsorg og medansvar og representere et miljø som bygger opp om respekt for menneskeverd og retten til å være forskjellige. Menneskelig likeverd, åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse og solidaritet er sentrale samfunnsverdier som skal legges til grunn for omsorg, danning, lek og læring i barnehagen.

...]

Nestekjærlighet, solidaritet, toleranse og respekt skal være grunnleggende verdier i barnehagen. I barnehagen er det av stor betydning at barna får oppleve varme og kjærlighet. I barnegruppen kan de utvikle solidaritet med andre barn. Innlevelse i andre menneskers situasjon vil bidra til medmenneskelighet, solidaritet og toleranse. I et globalt perspektiv er det av stor betydning at barn utvikler nestekjærlighet og solidariske holdninger. Barnehagen skal legge grunnlag for livslang læring og aktiv deltakelse i et demokratisk samfunn i nær forståelse og samarbeid med barna hjem.

1.3 Danning gjennom omsorg, lek og læring

...] I barnehagen er gjensidige samhandlingsprosesser med barn og voksne i lek og læring og hensynet til hverandre forutsetninger for barnets danning.

1.9 Inkluderende fellesskap med plass til det enkelte barn

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur.

Barn under opplæringspliktig alder er ikke en ensartet gruppe, og barn møter barnehagen med ulike forutsetninger. Likeverdige barnehagetilbud av god kvalitet krever derfor individuell tilrettelegging av tilbudet og lokal tilpasning av innholdet.

Barnehagens innhold skal utformes slik at det kan oppleves meningsfullt for det enkelte barn og gruppen. Barnehagens omsorgs- og læringsmiljø skal fremme barns trivsel, livsglede, mestring og følelse av egenverd. Barnehagen må gi det enkelte barnet støtte og utfordringer ut fra egne forutsetninger og bidra til et meningsfullt liv i fellesskap med andre barn og voksne.

Personalet har ansvar for at alle barn, uansett funksjonsnivå, alder, kjønn og familiebakgrunn får oppleve at de selv og alle i gruppen er betydningsfulle personer for fellesskapet. Barnehagen skal være et miljø hvor ulike individer og ulike kulturelle ytringer møtes i respekt for det som er forskjellig. ...]

Barnehagen har et særlig ansvar for å forebygge vansker og å oppdage barn med særskilte behov. For disse barna kan det være aktuelt å gi et spesielt tilrettelagt tilbud. Tilretteleggingen kan gjelde både sosiale, pedagogiske og/ eller fysiske forhold i barnehagen.

...] Barnehagens dagligliv skal preges av samvær som innebærer at personalet lytter, støtter og utfordrer barn. Barnehagen skal fremme positive handlinger som motvirker avvising, mobbing og vold. Personalet må medvirke til at hvert enkelt barns individualitet og behov for selvtutfoldelse kan skje i trygghet og innenfor fellesskapets normer og regler.

9.3. Opplæringslova

§1-3. Tilpassa opplæring og tidleg innsats

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lære kandidaten.

På 1. til 4. årstrinn skal kommunen sørje for at den tilpassa opplæringa i norsk eller samisk og matematikk mellom anna inneber særleg høg lærartettleik, og er særleg retta mot elevar med svak dugleik i lesing og rekning.

§ 5-1. Rett til spesialundervisning

Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning.

I vurderinga av kva for opplæringstilbod som skal givast, skal det særleg leggjast vekt på utviklingsutsiktene til eleven. Opplæringstilbodet skal ha eit slikt innhald at det samla tilbodet kan gi eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til andre elevar og i forhold til dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven.

§ 4A-1. Rett til grunnskoleopplæring for vaksne

Dei som er over opplæringspliktig alder, og som treng grunnskoleopplæring, har rett til slik opplæring, så langt dei ikkje har rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1. Retten til opplæring omfattar til vanleg dei faga ein treng for å få vitnemål for fullført grunnskoleopplæring for vaksne. Opplæringa skal tilpassast behovet til den enkelte.

Kommunar og fylkeskommunar kan òg tilby grunnskoleopplæring etter første ledd til dei som har rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1, men som har behov for meir grunnskoleopplæring for å kunne fullføre vidaregåande opplæring.

§ 4A-2. Rett til spesialundervisning på grunnskolens område

Vaksne som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet for vaksne, har rett til spesialundervisning.

Vaksne som har særlege behov for opplæring for å kunne utvikle eller halde ved like grunnleggjande dugleik, har rett til slik opplæring.

9.4. Læreplanverket, generell del

Det arbeidande menneske: Tilpassa opplæring

Skolen skal ha rom for alle, og lærarane må derfor ha blikk for den einskilde. Undervisninga må tilpassast ikkje berre til fag og stoff, men også til alderstrinn og utviklingsnivå, til den einskilde eleven og den samansette klassen. Det pedagogiske opplegget må vere breitt nok til at læraren ledig og lagleg kan møte elevforskjellane i evner og utviklingsrytme. Levereglar aleine gjer ikkje omsorg og omtanke. Læraren må bruke både mangfaldet i elevgivnadene, variasjonen i klassen og breidda i skolen som ressurs for alle si utvikling og allsidig utvikling. Ein god skole og ein god klasse skal gi rom nok for alle til å brynast og rørast, og han må vise særleg omtanke og omsut når nokon kjører seg fast eller strevar stridt og kan misse motet. Solidariteten må komme til uttrykk både overfor dei som har særlege vanskar og ved overgangar mellom trinn og skoleslag.